# RAPPORT
# VERKSTED: SENTRUMSPLAN FOR NÆRBØ

MED REPRESENTANTER FRA UNGDOMSRÅDET, BARN- OG UNGES KOMMUNESTYRE, OG DELTAKARE FRÅ BARNETRÅKK REGISTRERINGAR.



VERKSTADEN VART GJENNOMFØRT PÅ NÆRBØ 6.APRIL 2017

# INNLEDNING

### Kvifor er denne medverkingsprosessen mot barn og unge sett i gang?

I arbeidet med kommunedelplan for Nærbø sentrum, er det nytta ein omfattande medverknadssprosess kalla gjestebudsmodellen. Intensjonen med denne er å få med eit breiast mogleg utval av Nærbøs innbyggjarar, og deira meiningar om ulike tema som er vedtekne i kommunedelplanens planprogram. Meiningane vil så vere med å leggje grunnlaget for planforslaget.

Det vart avheldt gjestebud hjå fleire av innbyggjarane før jul, der tema var visjon og identitet. Det kom mange innspel frå desse gjestebuda inn til oss, og me tok dei vidare i eit folkemøte der hensikta var å forankra prosessen meir hjå innbyggjarar og politikarar. Nytt gjestebud vart gjennomført i april med tema bygningsmiljø og møteplassar, her vart tema som tryggleik, trivsel og tilgjengelegheit også tekne opp.

Barn og unge er ofte ei vanskeleg gruppe å nå i kommunale planprosessar. Det vart derfor politisk vedteke å gjennomføra barnetråkk på ulike barne- og ungdomskular på Nærbø, og å gjennomføra ein verkstad retta mot barn- og unges kommunestyre og ungdomsrådet. Barnetråkket føregjekk i 5. og 9. klasse på 4 ulike skular på Nærbø, her vart det registrert skulevegar ungane nyttar, samt det dei opplev som positive og negative stadar i området.

Resultatet og gjennomføringa av verkstaden er beskrive i denne rapporten.

### Kvifor tema tryggleik, stadstilhøyrsle, inkludering og felleskap

I barnetråkkregistreringa kom det fram nokre punkt om utryggleik i sentrum. Til dømes kom det fram at dei eldre ungdomane hadde positive inntrykk av stadar der dei yngre hadde negative, og skummelt/skumle folk var stikkord som gjekk igjen i sentrumsområdet. Me ville sjå om det gjekk an å få eit klarare bilete av kvifor det er sånn.

Me ville vete kva dei unge meinar om Nærbø sentrum, og kva som gjer at dei kjenner dei høyrer heime på Nærbø eller ikkje. For å få eit attraktivt og aktivt sentrumsområde, kan det vere viktig at dei som brukar det kjenner seg heime. Har dei i tillegg eit eigarskap til området, bidreg det til at det vert brukt meir og teke vare på. Derfor syns me det var viktig å ha med stadstilhøyrsle som tema i verkstaden.

Me spurte ungdomsrådet kva dei syns var viktige tema å ta opp i verkstaden, dei gav tilbakemelding om at stadstilhøyrsle og tryggleik var gode tema, og ville også tilføya inkludering og felleskap. Ungdomsrådet består av ungdom frå heile kommunen, fleire av medlemmane ytra at Nærbø på mange måtar skil seg litt negativt ut. Det vart nemnt kommentarar mot tilreisande ungdom til arrangement på Nærbø, om at dei var i feil bygd. Dei var klare på at det er fleire grep som kan gjerast for å skapa eit inkluderande miljø eller sentrum, sjølv om ein ikkje bur på Nærbø.

### Oppbygning av verkstaden

Den 6. april 2017 møtte rundt 20 medlemmar frå URÅ, BUK og nokre deltakarar frå barnetråkkregistreringane, opp klokka 09:00 utanfor Coop Mega på Nærbø. Konsulent Katrine Svangtun, Gjertine Hognestad, Ine Woldstad og Børge Goa var tilstades og tok dei imot.

Me starta med å introdusera arbeidet med kommunedelplan for Nærbø og viktigheita med medverking frå unge.

Første punkt på programmet var å samen vandra gjennom ei rute med ulike stoppestadar i sentrum. Her fekk deltakarane eit hefte med oppgåve å svara på spørsmålet “Korleis opplev du staden og kvifor?” på kvar stoppestad. Vandringsruta endte på biblioteket der deltakarane vart delt inn i grupper. Her fekk alle i gruppene kome med sine innspel og refleksjonar til dei ulike stoppestadane.
Så vart deltakarane delt inn i nye grupper, der dei fekk utdelt ein konvolutt med lappar med negative og positive verdi-ord basert på tema tryggleik, stadstilhøyrsle, inkludering og felleskap. Desse vart diskutert i gruppa og plassert ut på eit kart over Nærbø sentrum. Her var også oppgåva å vise opplevd tyngdepunkt i sentrum idag, og kor det er mest hensiktsmessig å ha tyngdepunktet i framtida.
Neste oppgåve bestod i å svara på ulike spørsmål frå tema, kva som var viktig, kvifor det var viktig og korleis ein kunne få dette til.
Dette vart så oppsummert i plenum av kvar gruppe.

# H A N D E L S L A G E T




**Oppsummering**
Kjøpesenteret er en viktig areane for unge i Hå. De har generelt mange positive referanser til innholdet i bygget, og synes det er kjekt å treffe på og møte andre her. Tilbakemeldingene om den utvendige møteplassen var mer variert. De ønsker seg generelt mer sitteplasser og mer farge, enten bruk av fargerike møbler eller beplantning.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkningar**
Koselig
Ser fint ut, med plass til andre
trygg plass
Bra butikker
Praktisk
Sentralt
God møteplass
Litt lite farge

**Negative bemerkningar**
Tomt
Lite folk
grått og mørkt
Lite grønt
Grått
Mer farger
Tomt
Rosje
Voksent og grått
Mye plass, lite bruk
grått
Ser litt rosje ut
Mye tyggis
Ingenting å gjøre
Ikkje noge plass å gjenge seg
Kan bare bli bedre

**Forslag til endring**
Godt potensiale for å bli bedre
Trenger knæsje farger
Belyning
Trenger sykkelsparkeringsplasser
Trenger plantekasser/ mer grønt
Ønsker fontene på plenen
Ønsker en ny platting
Trenger malte benker i fargerike farger utenfor
Trenger benker å sitte på
Ingen benker
Me treng flerie sitteplasser
Trenger sitteplasser
Lite sitteplasser

# P A R K



**Oppsummering**
Parken er en plass mange har gode minner knyttet opp til, spesielt om sommeren når det legges til rette for flere aktiviteter. Det kom inn mange forslag til endring, fordi dette er en plass de ser potensiale i. Plassen er stor og åpen, og kan lett fylles med flere aktiviteter for flere aldersgrupper, noe ungdommen bemerker.  Aktiviteter som beachfotall ble nevnt ved flere anledninger, som har vært en vellykket aktivitet under Nærbødagene.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Koselig
Fint på sommeren
Fint og grønt
Fint
tomt
Stor plen, lite innhold
Fint

**Negative bemerkninger**
Rosje
Møye trafikk rundt parken
En plass du bare går forbi
Det skjer ingenting her
Tomt, lite som skjer, stor åpen plass, uten funksjoner
For åpent

**Forslag til endring**
Aktiviteter for ungdom
Tribune
Mål
Volleyballbane
Trenger treningsapparater på tomt område
Klatretårn på plenen
Male lekeapparat
Trenger flere lekeapparater
Vi trenger mer lekeutstyr
Vi trenger fotballmål
Aktiviteter for flere aldersgrupper
Mer belysning
Mer belgeningsstein
Dam/ bryte opp området
Lite benker
Vi trenger flere benker
Vi trenger å friske opp med bed og benker
Ønsker sitteplasser, ikke bare på sidene av parken

# T O R G E T



**Oppsummering**
Ungdommene ser mye ubrukt potensiale på torget, de ser stort behov for forbendring. De ønsker seg aktiviteter som gjør plassen tryggere, som appelerer de ulike aldersgrupper. Kafe og bondes marked nevnes flere ganger. De savner et møtested, med flere aktiviteter.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Sentralt
Mye potensiale
Kjekt med Nærbødagene, med hoppeslott, boder og aktiviteter, mye liv, flott med Nærbødagene

**Negative bemerkninger**
Litt skummelt, lite belysning, folk som henger der, utrygt
Hengeplass for folk som røyker, hengeplass for røykere
Ekle toaletter
Stygg dass
WC-en bør fikses
Dårlig forsøk på kunst, den bør tilpasses Nærbø , kunsten gir ingen mening, bedre Rosje, ser ikkje bra ut
Nåler fra narkomane?
Tomt og kjedelig
Stort og åpent
Grått
Stor plass, lite som skjer, ingenting som skjer, kjedelig, utlendingsplass
stygt

**Forslag til endring**
Mer planter og grønt
Flere benker, flere sittegrupper
Mer farger
Vi ønsker bondes marked, minigolf, beachfotball, aktiviteter, kafe, mer barnevennlig, pokemonnstopp
Ønsker kiosk, istedenfor gatekjøkken

# S T A S J O N S O M R Å D E T



**Oppsummering**
Det er lite positivt som blir sagt om undergangen. De fleste tilbakemeldingene på undergangen går på at det er stygt, dårlig vedlikeholdt, skittent, utrivelig og skummel. Noen bemerker at det er et dårlig første-inntrykk av Nærbø hvis du kommer med tog. Alle ser potensiale med undergangen, de fleste forslagene til endring går på å få fine og tiltrekkende veggmalerier.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Bedre når de har malt over taggingen

**Negative bemerkninger**
Dårlig førsteinntrykk til Nærbø
Dårlig vedlikeholdt
Skittent
Stygt
rosjent
Tomt
Ustabil heis
Skummelt om kvelden
utrygtHeisen er stygg
Heisen bør fikses opp i
Mye søppel
Lukter ekkelt
Lukter drit
Smal og trang undergang
Liten plass til passering
Utrivelig og skummelt
Lite lys
Det må vaskes og ryddes
Bommene skaper ”trafikkkork”

**Forslag til endring**
Fornye veggene og gulvet
Legge inn bilder eller mer farger på veggene
Profesjonell graffiti (street art)
Ønsker kameraovervåkning
Bommene bør fjernes
Lage utstillinger i undergangen
Veggmalerier er bra
Hva med tiltrekkende kunst?
Street art, som på felleskjøpet på Bryne

# G A M L E   N Æ R B Ø



**Oppsummering**
Mange ungdom har dårlige eller ingen minner knyttet til Nærbøgata, men noen ser potensiale i historien og den eksisterende trehusrekken. De fleste ungdommene er opptatt av hvor forfallent og sliten gaten ser ut. Hvordan området kan forbedres er det ulike tilbakemeldinger på, noen anbefaler nye hus, mens andre ser verdien i de gamle og foreslår å renovere. Gamle Stavanger og fargegaten i Stavanger blir nevnt som idealer.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Koselig med gamle hus
Kanskje ein god plass for dei eldre med litt minner
Potensiale

**Negative bemerkninger**
Trist
Skummelt
Utlenning plass
Forfallent
Gammelt
Rosjent
Skummelt og mørk
Mørke farger
Stygt, stygt
Utrivelig
Utrygt
Dårlig inntrykk
Frastøtende
Det skjer lite her
Ingen plass å være
Tomt

**Forslag til endring**
Få nye hus opp
Behov for å fikse opp, pusse opp
Historien bør komme tydligere frem
Få flere farger
Trenger mer liv og folk i gaten
Bakeren skulle ha vært her
Gjort gaten mer interessant
Ta vare på det slik det er
Kreative bygninger
mal husene

# S M A U



**Oppsummering**
Dette er et område mange ikke kjenner til, det er bortgjemt og arkitekturen rundt leder deg ikke ned til smauet. Det er ulik respons på området, trolig fordi de fleste ikke har direkte erfaring fra stedet.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Koselig
Greit nok
Aldri vært her
Mykje forskjellig materiale
Fine farger
Bortgjemt- aha opplevelse
Normal plass
helt greit

**Negative bemerkninger**
Gammel maling
Ekkelt
Stygt
Skummelt
Kaldt og grått
Dopdealing
Farlig
Trangt
Tomt og øde
Skummelt

**Forslag til endring**
Potensiale
Åpne mer opp
Vanskelig å orientere seg- hvor ledes man?
Gjør gata synligere

# P A R K E R I N G S G A R A S J E



**Oppsummering**
Dette stoppestedet var det sammen med undergangen flest negative tilbakemeldinger til. Det er få forslag til endringer, noe som sier at ungdommen ikke er like reflekterte rundt bygningsfasader, men det kommer klart frem at de ikke liker det de ser.

## HVORDAN OPPLEVES PLASSEN?

**Positive eller nøytrale bemerkninger**
Fint, men mykje beontg
Ukjent
Legg ikkje merke til det
Bra utnyttelse av plass

**Negative bemerkninger**
Såg fælt ud
Fiks det opp, sånn at det passer bedre inn
Trang p-plass
For møye betong
Trist blokk
Gjemt
Lite samanheng
Trodde det var parkeringshus, heile greiene
Triste fager
Kjedelig
Ikkje noe velkommende
Tomt
Mørkt
grått, kjedelig
Altfor mye betong
Trist og kjedelig

**Forslag til endring**
Skulle vært meir betong
Skulle hatt fargar

## SAMLET SAMMENDRAG

Ungdommen legger merke til og påpeker emner og tema som er aktuelle for de. For eksempel hvilke funksjoner som mangler (sittegrupper, amfi og beachfotball og hva de ulike bygningene i sentrum inneholder). De er opptatt av hvilke kulturtilbud som finnes, og hva de ønsker mer av. De har et høyt fokus på trygghet og de ønsker mer naturlige møteplasser, for eksempel kafe og lavterskeltilbud.

De er lite opptatt av biltrafikk eller parkering, utforming av fasader og bygningsvolum, men veldig opptatt av at det skal vere skikkeleg og godt holdt i stand.

# GRUPPEOPPGÅVE
# VERDIORD OM SENTRUM




**Gruppe 1**

**Biblioteket :** Inkluderende sted, trygt
**Torgsenteret :** Solsenger, avslappende
**Torgplass :** Pregløst
**Stasjonsundergang :** Skumle folk, kjedelig/dårlige minner
**Gamle Nærbø :** Søppel/avfall, tomt, ikkje brukt av ungdom
**Torg/park :** Fin utsikt, fendtlig, ikkje brukt av barn, åpent, mørkt/dårlig belysning
**Handelslag : B**arn og vaksne samles, møte kjente, felles samlingssted, tilgjengelig, inviterende plass
**Rundkjøring Bernervegen :** Trafikk
**Kiwi :** Trivelig
**Loenområdet :** Mange kjente, gode minner, fint bygg, gode sitteplasser, organiserte aktiviteter, ikkje velkomne her, får stygge blikk hvis ein ikkje kjem frå Nærbø

grønne områder- positive verdiord
røde områder- negative verdiord

# GRUPPEOPPGÅVE
# VERDIORD OM SENTRUM




**Gruppe 2**

**Biblioteket :** Gode sitteplasser, inkluderende sted, kjedelig
**Torgsenteret/Torgplass :** Ikkje brukt av ungdom, mørkt/dårlig belysning
**Stasjonsundergang :** Skumle folk, fiendtlig, kjedelig, dårlige minner
**Gamle Nærbø :** Søppel/avfall
**Torg/park :** Pregløst, tomt, ikkje velkomne her, åpent
**Handelslag :** Fin utsikt, avslappende, tilgjengelig
**Rundkjøring Bernervegen :** Trafikk
**Loenområdet :** Felles samlingssted, trivelig, trygt, gode minner, organiserte aktiviteter, mange kjente, barn og vaksne samles, møte kjente, inviterende plass

grønne områder- positive verdiord
røde områder- negative verdiord

# GRUPPEOPPGÅVE
# VERDIORD OM SENTRUM




**Gruppe 3**

**Biblioteket :** Avslappende, ikkje brukt av ungdom, kjedelig
**Torgsenteret :** Pregløst
**Torgplass :** Fint bygg
**Stasjonsundergang :** Skumle folk, fientlig, møte kjente, søppel/avfall
**Gamle Nærbø :** Mørkt/dårlig belysning, kjedelig/dårlige minner, ikkje velkomne her, ikkje brukt av barn
**Torg/park :** Organiserte aktiviteter, gode minner, gode sitteplasser, åpent, tomt, trafikk
**Handelslag :** Barn og vaksne samles, mange kjente, felles samlingssted, tilgjengelig, trygt, trivelig, inviterende plass
**Rundkjøring Bernervegen :** Trafikk
**Kiwi :** Inkluderende sted

grønne områder- positive verdiord
røde områder- negative verdiord

# GRUPPEOPPGÅVE
# VERDIORD OM SENTRUM




**Gruppe 4**

**Biblioteket :** Fin utsikt, trygt, avslappende, fint bygg
**Torgsenteret :**
**Torgplass :** Ikkje velkomne her
**Stasjonsundergang :** Mørkt/dårlig belysning, skumle folk, ikkje brukt av barn, søppel/avfall, fientlig, kjedelig dårlige minner
**Gamle Nærbø :** Pregløst
**Torg/park :** Tomt, ikkje brukt av ungdom
**Handelslag :** Gode sitteplasser, møte kjente, tilgjengelig
**Rundkjøring Bernervegen :** Trafikk
**Meieritomta :** Støy
**Loenområdet :** Mange kjente, gode minner, organiserte aktiv-iteter, inviterende plass, trivelig, barn og vaksne samles, felles samlingssted, inkluderende sted, åpent

grønne områder- positive verdiord
røde områder- negative verdiord

# SAMLA OVERSIKT AV VERDIORD




**Samla oversikt over positive og negative markeringar**

Ungdommane fekk i oppgåve å plassera ut ord som hadde ein positiv eller negativ verdi i tilknytning til dei fire tema for verkstaden; stadstilhøyrsle, tryggleik, inkludering og felleskap.

Når ein legg saman resultata frå dei forskjellige gruppene, ser ein at Handelslaget og Loen markerar seg som nesten berre positive stader på Nærbø. Det å ha felles møtestad med andre kjente, vere med i organiserte aktivitetar, og tilgjengelegheit var stikkord som gjekk igjen her.

Området rundt stasjonen framstår nesten berre negativt. Det vert oppfatta som ein utrygg stad med fiendtlege og skumle folk, lite belysning og søppel.

Ein kan sei at organiserte ramar i form av tillitspersonar, aktivitetstilbod og kvalitetar i omgjevnadane er det som skil desse to områda. Det at begge områda som skil seg postivivt ut har store innandørs møtestadar som tiltrekk seg folk er også attraktivt.

grønne områder- positive verdiord
røde områder- negative verdiord

# TYNGDEPUNKT I SENTRUM - KOR?




**Samla oversikt over dagens- og framtidig tyngdepunkt**

Raude markeringar er der ungdomane markerte kor dei oppfattar dagens tyngdepunkt i sentrum. Jo sterkare farge, jo fleire av gruppene meinar det same. Handelslaget og Loen er det mest samanfallande meiningar om kor dagens tyngdepunkt er.
Grøn markering er kor dei meinar framtidig tyngdepunkt bør vere, området rundt stasjonen er der så og sei alle ungdomane meinar ein må starte med utvikling av sentrum.




**Konklusjon**

Samanlagt viser kartet at dagens tyngdepunkt varierar og ikkje står heilt klart for folk. Eit sentrumsområde bør ha eit origo, ein stad som skil seg ut og markerar seg som tyngdepunktet. Utifrå denne øvelsen kan ein sjå kor det er einigheit om kor dette bør vere, samtidig som ein får innspel om kva som gjer at området idag framstår som mangelfullt og lite attraktivt.

Området rundt stasjonen og torget er det mentale sentrum for mange, skal ein gjere noko må det starte her. Innspela frå gruppene er verdifulle då dei er konkrete på kva som manglar der, samtidig som dei gjer ein peikepinn på kva dei er nøgde med andre stadar dei ser på som attraktive.

NY SENTRUMSPLAN

# HÅ KOMMUNE

1 HVA: 2 HVORFOR: 3 FORSLAG:

**KVA**

SKAL TIL FOR AT FOLK SOM KJEM UTANFRÅ NÆRBØ SKAL KJENNA SEG INVITERT, INKLUDERT OG TRYGG I NÆRBØ SENTRUM?

?

Et inkluderende og trygt sentrum

**Steg 1**
HVA
Deltagerne skrev ned hva som er viktig for at Nærbø sentrum skal oppleves inviterende og inkluderende for folk utenfor Nærbø.

**Steg 2**
HVORFOR
Deltagerne skrev ned hvorfor det er viktig at folk utenfor Nærbø føler seg invitert og inkludert.

**Steg 3**
FORSLAG
HVORDAN
Med utgangspunkt i Steg 1 og 2 , ble et eller flere forslag til hvordan dette kan gjøres formulert.

De gode fellesskapene i sentrum

Skape stedstilhørighet i sentrum

KATRINE SVANGTUN KULTURARKITEKTER

Gruppe 1

**INKLUDERENDE OG TRYGT SENTRUM:**
Kva skal til for at folk som kjem Utanfrå skal kjenna seg invitert, inkludert og trygg i Nærbø sentrum?

Ha en plass å gå.
Skape et godt førsteinntrykk
Leid inn profesjonelle til å tagge/male fint i torgundergangen.

Respektere andre.
Mulig het til å få nye vennskap.
Alle må få like mulighet til å være med å skape et bedre sentrum.

**Forslag:** Folk må være snille, organisert ungdomsklubber. mer farger og grønt.

Gruppe 1

**DE GODE FELLESSKAPENE I SENTRUM:**
Kva skal til for at du skal kunne vere samen med folk du ikkje kjenner så godt i Nærbø sentrum?

Utlendinger og Loen
Stoff, snus og røyking.

til å være med å skape et bedre sentrum.
Handelsslaget og Torget.
Tryggheim skole.

**Forslag:** Hold Nærbø ryddig og fin.t, pent.

Gruppe 1

**SKAPE STEDSTILHØRIGHET I SENTRUM:**
Kva skal til for at du skal kjenna deg heime i Nærbø sentrum?

Sitteplasser
Et inkluderende opplegg for de som ikke er kjent.
hyggelige folk
Tljgjengelig, ikke så øde.
mulighet fo rå treffe folk en kjenner.

En sport som alle vil være med på. Noe gøy som samler.
Fotballmålog crocket i sentrum.
Bli inkudert og invitert av ukjente.
Basketballi parken.

**Forslag:**
**Ungdoms initiativ som** Bat bod styrt av ungdom, og at ungdom selv kan være med å arrangere. Legge til rette for arrangement , det trekker folk til sentrum. Fontene ved handelslaget. Flere benker og sitteplasser

Gruppe 2

**INKLUDERENDE OG TRYGT SENTRUM:**
Kva Skal til for at folk som kjem utanfrå nærbø skal kjenna seg invitert, inkludert og trygg i nærbø sentrum?

Imøtekommende og at folk samles.

Trivelig, med folk i alle aldrer som gjør at sentrum føles tryggere. Det føles tryggere når det er voksne som tar seg en kaffe i sentrum. Steder, hvor folk kan møtes. "Noe å gjøre" som forener ulike mennesker.

Legge til rette for at en kan bli kjent med nye folk, da blir det et bedre miljø og samhold."Ting å gjøre" som lekeplass, sitteplasser og kafe. Undergangen, med togstasjonen: få profesjonelle til å lage spennende graffiti og ikke amatører.

Minigolf i sentrum eller felles aktiviteter med turneringer mellom bygdene under Nærbødagene. Ungdomsklubb i Stasjonsbygningen. Det er lett og komme ditt og det bør være et tilbud for ungdom som ikke drikker.

**Forslag:** Lokaler i sentrum til ungdomsaktiviteter.

Gruppe 2

**DE GODE FELLESSKAPENE I SENTRUM:**
Kvifor er det viktig/ikkje så viktig at Nærbø sentrum skal gjere det lettare for ulike grupper å vere samen?

Lett å finne frem i sentrum. Skal folk bruke sentrum må det være enkelt å finne frem. Ulike aktiviteter i sentrum.

Savner en scene med helge- arrangementer for ungdom som trekker folk til sentrum som beach fotball, fotball, håndball, disco og trail.

**Forslag:** Bygge en scene for ungdom, hvor det kunne vært plass til flere arrangementer som kan bygge bro. Ha flere atkiviteter i sentrum som konserter, turneringer, Beach fotball, fotball, håndball, disco og trail.

Gruppe 2

**SKAPE STEDSTILHØRIGHET I SENTRUM:**
Kva skal til for at du skal kjenna deg heime i Nærbø sentrum?

Folk i sentrum.
Trygge miljøer.

Folk må være imøtekommende og det må være "ting å gjøre" i sentrum. Det må føles trygt.

Håndball og Loen. Vi kjenner oss ikke inkludert og velkommen om vi ikke spiller håndball. Hvis du ikke kommer fra Nærbø, og ikke driver med idrett, føler du deg utenfor i Loen, "HVA GJØR DU HER? Loen er et godt anlegg, isbane, basseng og mye aktivitet. De voksne er ok. Ungdom som bruker Loen må være inkluderende og ikke "fryse" andre ut.

**Forslag:** Lekeplasser som er litt annerledes, tiltrekker folk. Nok lekeapparater som gjør at det er plass til alle. Godt med sitteplasser. Loen blir bedre til å inkludere alle innbyggerne.

Gruppe 3

**INKLUDERENDE OG TRYGT SENTRUM:**
Kva skal til for at folk som kjem utanfrå Nærbø skal kjenna seg invitert, inkludert og trygg i nærbø sentrum?

Trygghet, natteravn og gjøre noe med rusmiljøet i sentrum.
Få inn flere barnefamilier.
Lettere tilgjengelig

**Forslag:** natteravn i gatene, fordi det er mange narkomane i sentrum. Ha en større blanding av folk i sentrum.

Gruppe 3

**DE GODE FELLESSKAPENE I SENTRUM:**

Kvifor er det viktig/ikkje så viktig at Nærbø sentrum skal gjere det lettare for ulike grupper å vere samen?

Meieritomta isteden for bare leiligheter, får inne og ute kino, spiseplasser; billig og variert.
Beach-fotball, kunne stått hele sommeren.
En skikkelig lekeplass i parken, tettere med trær og planter.
Ungdomsklubben bør være åpen mer enn en dag i uken.
Mer farger og folk, må være mer hyggelig.
En utfordring er Loen, der kan det bli hyggeligere.
Ungdomsklubben bør legges til sentrum, til G-sporten.

**Forslag:** Ute og inne kino, flere spisesteder og aktiviteter i sentrum.

Gruppe 3

**SKAPE STEDSTILHØRIGHET I SENTRUM:**
Kva skal til for at du skal kjenna deg heime i Nærbø sentrum?

Føle meg velkommen
Åpent for å delta på aktiviteter

Lekeplass og et sted å henge når det regner.
Ungdomsskole nærmere sentrum.
Ungdomsklubben i bør være oftere åpent.
Mer trær og blomster i parken.

**Forslag:** Oppgradere lekeplassen i parken og det bør være tettere mellom uterom/park/torg og det bør være skjerming mot vind og regn. Mer farger og folk må være mer hyggelige mot hverandre.

Gruppe 4

**INKLUDERENDE OG TRYGT SENTRUM:**
Hva kjennetegner Nærbø sentrum i dag?

Åpent rusmiljø, taxi, gatekjøkken, puben, togstasjon.
Utrygt: torget og togstasjonen
Loen: sportslige folk – håndball, konkurranseinstinkt
Handelslaget: møteplass, kjent folk.
Parken: grønne områder

**Forslag:** foreldre på banen,"Jeg passer på deg".
Splitt opp Togstasjon, gatekjøkken, taxi, pub og Narvesen, alt er på en plass. Koseligere med mer farger.
Fargelegg Nærbø!

Gruppe 4

**DE GODE FELLESSKAPENE I SENTRUM:**
Kva skal til for at du skal kunne vere samen med folk du ikkje Kjenner så godt i nærbø?

Involvere alle, være åpen, imøtekommende og smilende
Arrangere diskotek ikke bare formelle arrangementer.
Ikke bare en gang i året. Slike arrangementer skaper trygge rammer, fordi er du trygg på folkene rundt deg blir det et trygt miljø i sentrum.

**Forslag:** Være åpen om det du er redd for og komme med en løsning på det som oppleves utrygt. Nærbø vil da ha blitt enn mer trygg plass. Fine omgivelser og tilrettelagt for alle. Kan treffes, både uformelle og formelle møtesteder. På tvers av generasjoner, voksne til stede.

Gruppe 4

**SKAPE STEDSTILHØRIGHET I SENTRUM:**
Hva skal til for at unger skal føle seg trygge i sentrum ?

Kafe i Nærbø sentrum istedet for gatekjøkken.
Flere sitteplasser, ikke bare en sitteplass
Mer belysning, det er skummelt der det ikke er lys.
Skikkelige lekeapparat.

**Forslag:** en god lekeplass, med god belysning og gode sitteplasser.

# OPPSUMMERING FRÅ VERKSTADEN

Kva lærte me om Nærbø sentrum av ungdommane?

- Rusproblematikk ansjås som eit stort problem
- Framanfrykt mot innvandrarar som «heng i sentrum»
- Saknar tryggleik i enkelte byrom, ynskjer ein meir samansett demografi der for eksempel eldre kan bidra til tryggleik. Ynskjer om natteravnar
- Opptekne av kva som skjer innandørs, og ikkje i så stor grad om kva som skjer ute. Nokre etterlyste skjerma uterom med ly for vind og regn.
- Loen er staden der dei fleste oppheld seg. Det er mange positive koblingar knytta til plassen, men ungdom frå andre stadar enn Nærbø føler seg ikkje alltid velkomne. Det oppleves som ein vanskeleg problemstilling, utan raske løysningar.
- Er opptekne av eit inkluderande samfunn. Ynskjer fleire lavterskelarrangementer og samlingspunkt for ungdom. Fleire trakk fram sandvolleyballbanen som vart etablert nokre veker i fjor, som eit veldig godt tiltak. Denne vart sett opp på parkeringsplassen ved sentrumsparken av næringsforeininga.
- Ser ikkje på biblioteket som eit attraktiv tilbod. Fleire uttrykte at det berre er gamle folk som nyttar det, og at ingen unge les bøker lengre.
- Ynskjer ungdomsklubb som er oftare open, og fleire arrangement i skuleferiane. Nokre av ungdommane foreslo å flytta ungdomsklubben til ein meir sentral stad, tett knytta til togstasjonen.
- Lite fokus på bilbruk og bygningsutforming. Ynskjer bilfri nordre del av Jadarvegen som ofte vert brukt av fotgjengarar og syklistar, og meir bruk av fargar på bygg og gatemiljø.
- Opptekne av at det skal sjå ryddig ut i byrommet, reagerar på søppel og lite vedlikehaldte fasadar.
- Ynskje om kafe som kan nyttast både av familiar og vennegrupper. Det blei foreslått ein samarbeidskafe, som kan drivast på dugnad i regi av kommunen.
- Tydeleg at ungdommane ynskjer fleire treffpunkt i Nærbø sentrum.

# HVA ØNSKER VI FOR NÆRBØ SENTRUM?

Kino
café-er
festivaler
~~baco~~
tåra å visa dilla meir fram
jar meir udav Nærbødagene

→ Kommune t å gjær Nærbø bæro




mi ni golf
meir benker
~~Park~~ kafé/kiosk
leke plass
festival
Tribune

Park / torgplass
gjere det til ein triveleg plass med tribune i parken dam og bryte opp plenen i parken. i staden for gate ugjønnen betr opp café eller kiosk.

- Inneaktiviteter
- Utekino/drive in
- Bowlinghall
- Kafé
- Iskiosk m/mye bra kvalitets is
- Klatrepark